



Lindås kommune
Kvernhusmyrene 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 09.02.2017
Vår ref.: 2017/267-4
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.: 16/3361-6

Kulturminnafagleg fråsegn etter synfaring - Feste ytre - gnr 70 bnr 23 - oppføring av fritidsbustad, naust og kai - Lindås kommune

Viser til brev datert 06.01.2017 med ovanfor nemnde sak til fråsegn, og vårt brev med varsel om kulturhistorisk synfaring datert 01.02.2017. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Den 02.02.2017 vart det gjennomført ei kulturhistorisk synfaring i det aktuelle området. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne, og potensial for nye funn vart vurdert å vera lågt. Vi finn det ikkje naudsynt å gjera ytterlegare undersøkningar i området.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar blir avdekt i samband med opparbeiding av feltet, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til funnet er vurdert.

Då søkeren omfattar tiltak i sjø har saka vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum. Sjøfartsmuseet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli råka av det omsøkte tiltaket. Elles gjer Bergens Sjøfartsmuseum merksam på at tiltakshavar er pliktig å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne, jf. kulturminnelova § 14. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan verte råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føreskriftene i kulturminnelova.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.